

## Søknad om utviklingsstipend

NAMN: Une Kvelvane

ALDER: 20 år (f. 12.09.97)

### Bakgrunn:

Eg er ein toppidrettsutøvar som kjem frå Voss (Istad) og satsar skiskyting for fullt. Klubben min er Voss Skiskyttarlag. Skiskyting har eg drive med sidan eg var 11 år (sidan 2008) og treningsgrunnlaget mitt er lagt ned i Vossabygda. I 2016 fullførte eg toppidrettslinja på Voss Gymnas, og etter det flytta eg til Lillehammer for å satse skiskyting for fullt med Team Kjelstad. Her får eg god matching i kvardagen, og moglegheit til å utvikle meg.

Eg er ein seriøs og målretta utøvar som har mål om å nå langt, og i framtida ynskjer eg å vere med å kjempa i verdstoppen i min idrett. For å klare det følgjer eg treningsplanar som legg til rette for at eg skal kunne utvikle meg kvart år, auke treningsmengdene gradvis og nå den maksimale kapasiteten min som skiskyttar. Bak den målsettinga ligg det mykje hardt arbeid, men òg gode støttespelarar. Skiskyting er ein kostbar idrett på mange måtar, blant anna gjennom mykje reising, teamavgift, krav til gode ski, skot, vedlikehald av våpen og anna utstyr. Difor er eg avhengig av økonomisk støtte for å kunne satse for fullt.



Sesongen 2017/2018 har vore veldig bra. Eg satt høge mål før sesongen, men eg jobba veldig målretta og nådde dei. Eg har auka treffprosenten på standplass, utvikla teknikken og gått fortare på ski. Det har gjort at også resultatata har vore på topp.

**Beste resultat sesongen 2017/2018:**

Junior VM:

- Sylv på stafett
- 12.plass jaktstart
- 17.plass sprint

Junior NM (K20-21)

- Gull på sprint
- Sylv på stafett

Norgescup junior (K20-21)

- 2.plass normal
- 5.plass fellesstart

Eg har også delteke på blinkfestivalen dei 7 siste åra. På årets blinkfestival fekk eg markert meg der eg vann semifinalen i kvinner senior og fekk ein 10.plass i finalen.

Denne sesongen går eg inn i seniorklassen. Det kjem til å bli utfordrande, men eg gler meg! Målet mitt blir i hovudsak å forbetre den fysiske kapasiteten min. Eg er veldig motivert for å gjere ein god treningsjobb av høg kvalitet for å utvikla meg som skiskyttar. For å få til det må eg satse fullt, og då er eg avhengig av gode støttespelarar. Eg håpar at de har lyst til å vera med meg vegen mot verdstoppen.

## Kvifor skal de støtte akkurat meg?

Eg prøver å sjå moglegheiter der andre ser hindringar. Som toppidrottsutøvar møter ein mange utfordringar, og då må ein leite etter løysingar og tenkje positivt. Eg er også oppteken av utvikling. Utvikling er eg heilt avhengig av for å ta nye steg. Det handlar om å tørre å ta dei små, men viktige vala kvar dag. Dette er nokre av dei beste og viktigaste eigenskapane mine, og nettopp derfor har eg trua på at eg vil få ut mitt potensiale og nå måla mine.

Med vennleg helsing

Une Kvelvane

### Kontaktinfo:

Tlf.: 93263843

Mail: [unectk@gmail.com](mailto:unectk@gmail.com)

